

86. ¹Tone: Vi færdest med lyst på den steileste vei

Den storfeldte staden der vogga mi stod
So jamleg kjem fram i mitt minne
Da er so da rørs baa vatn aa blod
Aa fangetek hugen aa sinne
Aller eg kjeme til aa gløyma
Dei tankar so gjennom meg strøymar

Aanei! Paa den staden der far aa ho mor
Saag til aa um barne sit varna
Aa alle dei manande kjærlege ord
So ljoste so kvikka aa klarna
Der baatar aa skip eg fekk byggja
Aa alt det dei gav meg til hyggja

Aa du! Paa den staden eg leikte aa sprang
Aa plukkade blade aa blomar
Aa kvile meg søtt i mors kjære fang
Aa du! Det var meir elde sumar
Aa saali mi saag noko skimta
Det var noka himmelske glimta

Den *djupfeldte* staden der ljuset eg saag
som meg skulde ljosa paa færði
I barndom i mandom i alderdom aag
Helst daa naar eg slutta med verdi
Ja ljosa meg heilt gjennom dalen
Ret fram til den glinsande salen

Hav takk daa Gud for ein heim du meg gav
Korfråa eg fekk leva aa vera
Eg vonar tilslutt at du gjev meg ei grav
Kortil mine grandar meg bæra.
Hav takk for dei tusende gongar
Dei hjelpte meg i mine trongar.

Ei hjarteleg takk for din naade mot meg
Den stund eg hev leva i verdi
Aa Gud naar min ande du tek att til deg
Du være mit ljøs paa den færði
So gjeng til dei himmelske strændar
Til frelse aa salige frendar.

O herre min Gud aa min frelsarmann kjær
Av hjarta eg her vil deg beda
I daudstundi du meg no næraste vær
Du best kan meg trøsta aa glæda
Gjev hjarta mit alti maa sukka
Aa søykja den evliga lukka.